



Landsmøte 27. og 28. april 2019

sakspapir



Sak 1 Konstituering

Vedlegg:

- Forslag til sakliste
- Forslag til tidsplan
- Forslag til forretningsorden

Sak 1.1 Godkjenning av innkalling

§4.1 i lova til Noregs Ungdomslag seier følgjande: *”Styret i Noregs Ungdomslag kallar inn til landsmøte kvart år. Førrebels sakliste skal sendast ut 3 månader før landsmøtet. Omfram landsmøtet vert halde når landsmøtet eller styret vedtek det, eller når 1/3 av fylkeslaga krev det. Endeleg sakliste og sakspapir skal sendast ut 1 månad før landsmøtet.”*

Innkallinga til landsmøtet, med førrebels sakliste, vart sendt ut elektronisk til alle lokal- og fylkeslag 25. januar, og samtidig publisert på www.ungdomslag.no. Endeleg sakliste med sakspapir vart lagt ut på NU sine heimesider 25. mars, og blei samtidig sendt elektronisk til dei utsendingane som var påmeldt innan påmeldingsfristen.

Innkalling og sakspapir er sendt ut innanfor dei fastsette fristane.

Framlegg til vedtak:

Innkallinga blir godkjent.

Sak 1.2 Godkjenning av sakliste

§4.2 b) i lova til Noregs Ungdomslag seier følgjande: *”Gjennom lokallag og fylkeslag kan medlemmene kome med framlegg om saker til landsmøtet. Sakene med grunngjeving må vere melde skriftleg til styret i Noregs Ungdomslag seinast 8 veker før landsmøtet”.*

I den førrebelse innkallinga som vart sendt ut 25. januar, vart laga gjort merksame på at fristen for å melde inn saker og/eller lovendringsframlegg var sett til 1. mars. Styret har motteke ei innmeldt sak om lovendingar innan fristen.

Framlegg til vedtak:

Styret sitt forslag til sakliste blir godkjent.

Sak 1.3 Godkjenning av fullmakter

Innstillinga blir lagt fram under opninga av landsmøtet.

Sak 1.4 Godkjenning av tidsplan og forretningsorden

Forslag til tidsplan og forretningsorden ligg vedlagt.

Framlegg til vedtak:

Tidsplan og forretningsorden for landsmøtet blir godkjent.

Sak 1.5 Val av ordstyrar

Innstillinga blir lagt fram under opninga av landsmøtet.

Sak 1.6 Val av redaksjonsnemnder

Innstillinga blir lagt fram under opninga av landsmøtet

Sak 1.7 Val av teljekorps

Framlegg til vedtak:

Kontoret i Noregs Ungdomslag blir valt til teljekorps.

Sak 1.8 Val av protokollunderskrivarar

Innstillinga blir lagt fram under opninga av landsmøtet

Forslag til sakliste:

1. Konstituering
 - 1.1. Godkjenning av innkalling
 - 1.2. Godkjenning av sakliste
 - 1.3. Godkjenning av fullmakter
 - 1.4. Godkjenning av tidsplan og forretningsorden
 - 1.5. Val av ordstyrar
 - 1.6. Val av redaksjonsnemnder
 - 1.7. Val av teljekorps
 - 1.8. Val av protokollunderskrivarar
2. Årsmelding 2018
3. Rekneskap 2018
4. Fastsetjing av kontingent
5. Endringar i lova
6. Fråsegner
7. Val
 - 7.1. Val av leiar
 - 7.2. Val av styre og arbeidsutval
 - 7.3. Val av revisor
 - 7.4. Val av valnemnd

Forslag til tidsplan:

Laurdag

08.30-09.30	Registrering av utsendingane
09.30-10.00	Kulturelt innslag, opprop og opning
	Sak 1 Konstituering
10.00-11.00	Leiaren sin tale
	Sak 2 Årsmelding 2018
	Sak 3 Rekneskap 2018
11.00-11.30	Kaffipause
11.30-13.00	Sak 4 Fastsetjing av kontingent
	Sak 6 Fråsegner (presentasjon og debatt)
13.00-14.00	Lunsj
14.00-16.00	Seminar (sjå www.ungdomslag.no/lm)
16.00	Slutt for dagen
18.00-20.00	Landsmøtemiddag
20.00-01.00	Landsmøtefest

Søndag

09.30	Styreleiar ynskjer velkomen til ny dag
09.30-10.00	Inspirasjonsforedrag
10.00-10.30	Immateriell kulturarv og ytringsarven med Egil Bakka
10:30-11.00	Helsing frå Kulturminister Trine Skei Grande
11.00-11.30	Kaffipause og utsjekk frå romma
11.30-13.00	Sak 5 Endringar i lova
	Sak 6 Fråsegner (vedtak)
	Sak 7 Val
	Leiaren avsluttar møtet
13.00-14.00	Lunsj
14.00	Vel heim

Forslag til forretningsorden:

Ordstyrarar

Til å leie møtet vert det vald 2 ordstyrarar.

Vedtaksprotokoll

Generalsekretæren fører protokoll frå landsmøtet. I protokollen skal det berre førast namnet på dei som deltek i debatten, framlegg, namna på dei som kjem med framlegg, røysteresultat og endeleg vedtak. Landsmøtet skal velje to til å skrive under møteprotokollen.

Innlegg

Utsendingar som ynskjer ordet må gje teikn om dette ved å vise tildelt nummerskilt (røysteteikn). Landsmøtet vedtek ev. avgrensingar i taletid på enkelte saker.

Replikkar

Til kvart innlegg kan det bli gitt maksimalt 2 replikkar og 1 svarreplikk.

Til saksførehavinga

Dersom utsendingane har merknader til saksgangen i møtet, kan ein ta ordet til saksførehavinga.

Framlegg

Framlegg skal leverast skriftleg til ordstyrarane, underteikna med vedkomande sitt namn, og namnet på laget vedkomande er utsending frå. Etter at det er sett strek i ei sak, er det ikkje lenger høve til å kome med nye framlegg eller trekkje attende framlegg som tidlegare er sett fram.

Fristar for fråsegner

Frist for å levere skriftlege forslag til nye fråsegner og endringsforslag til fråsegner må leverast innan kl. 18.00 laurdag. Tema for fråsegna må ha vore presentert i debatten.

Røystemåtar

Når saker skal avgjerast gjeld vanleg fleirtal, med unntak av lovendingar der det skal vere 2/3 fleirtal. Når det blir sett fram krav om røystemåten, avgjer landsmøtet dette ved røysteteikn. Eit val skal vere skriftleg når nokon krev det, og alltid når det er gjort framlegg om fleire enn det som skal veljast.

Val

Dersom det er røysta på fleire enn to ved val av leiar, skal det vere omval når ingen har fått meir enn halvparten av røystene, til dess det er berre to å velje mellom. Får desse to likt røystetal, blir valet avgjort med loddtrekning. Dersom det blir røysta berre på to leiarkandidatar og begge får like mange røyster skal det vere omval. Er røystetalet likt andre gongen, blir valet avgjort med loddtrekning. Ved dei andre vala er dei valde som får flest røyster

Oppteljing av røyster

Blanke røystesetlar eller røystesetlar som tyder på at ein ikkje vil ta stode til val eller sak, skal teljast opp og vere med i utrekningsgrunnlaget for saker som krev kvalifisert eller absolutt fleirtal. Blanke røystesetlar eller tilsvarande røystesetlar tel ikkje i saker som krev vanleg fleirtal.



Sak 2 Årsmelding 2018

Vedlegg:

- Årsmelding for 2018 (i eige hefte)

Vedlagt i eige hefte ligg styret si årsmelding for arbeidsåret 2018.

Forslag til vedtak:

Landsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2018.



Sak 3 Rekneskap 2018

Vedlegg:

- Rekneskap 2018, med revisjonsmelding

Komplett årsrekneskap med revisjonsmelding for 2018 ligg vedlagt, trykt i same heftet som årsmeldinga. Rekneskapen er satt opp etter eit standard rekneskapsoppsett, men med meir utfyllande notar enn det som er påkravd. Styret vurderer at standardoppsettet er lite opplysende for landsmøtet, med tanke på korleis ressursane har blitt disponert i året som har gått. Styret legg difor som vanleg også fram eit prosjektrekneskap, som er i tråd med korleis budsjettet er utforma. Dette ligg i note 2 til rekneskapen.

Budsjettet som styret vedtek er satt opp etter same mal som prosjektrekneskapen i note 2. Styret får framlagt økonomiske rapportar samanstillt med budsjett til alle styremøte, og desse to styringsdokumenta gir styret eit godt grunnlag for økonomisk kontroll. Det blir difor teke utgangspunkt i note 2 Prosjektrekneskap i den vidare omtalen av det økonomiske resultatet.

Årsresultatet

Den endelege rekneskapen er gjort opp med eit overskot på kr 193 603, mot eit budsjettert underskot på kr 46 000. Rekneskapen viser eit overskot, som er eit resultat på om lag kr 239 000 betre enn budsjettert.

Årsaka til at styret har budsjettert med eit underskot, er at organisasjonen dei siste åra har gått med til dels store driftsoverskot, etter at ein har fått bidrag til lønskostnadene for å ha koordinert arbeidet med Kulturalliansen og Teateralliansen. Dette gjorde m.a. at landsmøtet ved godkjenninga av rekneskapet i 2016, disponerte kr 500 000 til eit eige aktivitetsfond, slik at styret har hatt handlingsrom til å drive aktivitet med underskot. Pr. 1.1.2018 sto det kroner 238 157 på dette fondet, då ein hadde eit underskot i 2017 som blei finansiert av fondet. Overskotet i 2018 vil bli satt inn på dette fondet, og det vil då pr. 1.1.2019 stå kroner 431 760 til disposisjon på fondet.

Den økonomiske situasjonen

Den ekstra ressurstilføringa NU har hatt dei siste åra, har betydd både at organisasjonen har fått bygd seg opp ein større eigenkapital, og at ein samtidig har hatt ressursar til å satse ekstra på ein del tiltak som ein til vanleg ikkje hadde hatt midlar til. Besøksrunden, sommarleiren, instruktør opplæringa, Ungt leiarskap og Folkepedia er døme på dette. Ein har også i 2018 hatt god tilgang til midlar slik at ein har kunne oppretthalde dei satsingane som ein starta i 2017, og i tillegg har ein starta prosjektet Ungt leiarskap. Vi ser at vi også i 2019 vil ha ei positiv utvikling slik at ein kan oppretthalde satsingane, men uvisse rundt nokre av dei statlege tildelingane gjer at vi ikkje er sikre på korleis situasjonen vil vere i det lengre løpet.

Satsingar i 2018

I 2018 har ein vidareført dei gode satsingane frå 2017 med ei styrking av landsmøtet, sommarleiren og instruktør opplæringa - for å utvikle tilbod som skal nå ein endå større del av medlemsmassen. Dette er satsingar som ein treng tid på å bygge opp, og styret si oppfatning er at vi er på god veg. Her kan vi vise til den auken vi har hatt i deltakartalet i 2018. tillegg til dette har vi i 2018 starta opp kompetansetiltaket Ungt Leiarskap, som styret har bestemt å vidareføre i 2019.

Nærare om resultatet

Dei fleste prosjekta i årsrekneskapen har vore drive som budsjettert. Det er ikkje alle budsjetterte midlar på instruktør opplæring og gjesteinstruktørordninga som har vorte brukt opp, men dette handlar også om etterspørsel. Ein hadde også noko lågare kostnader på landsmøtet enn budsjettert.

Medlemsinntektene er om lag som i 2017, men ligg likevel 65 000 under budsjett og 47 000 under året 2017. Styret har budsjettert med ein moderat auke på medlemskontingenten slik at dette underskotet ikkje har hatt noko konsekvens for organisasjonen sin økonomi. Grunnen til underskotet på medlemsinntekter er lag som ikkje har betalt kontingent.

Forslag til vedtak:

Landsmøtet godkjenner årsrekneskapen for 2018, som viser eit overskot på kr 193 603.

Overskotet vil bli overført til aktivitetsfondet, som etter denne overføringa vil ha ein saldo på kr 431 760. Aktivitetsfondet skal framleis kunne disponerast til å styrke drifta på utvalde område, og styret blir gitt handlingsrom til å drive med underskot også i 2019, dersom ein finn dette føremålstenleg for å oppretthalde eller styrke nødvendige satsingar.



Sak 4 Kontingent

Medlemspengane for Noregs Ungdomslag vert fastsett på kvart andre landsmøte, for dei påfølgjande to åra. Kontingentsatsane i Noregs Ungdomslag har dei siste seks åra vore slik:

- Kontingent per medlem under 26 år: kr 95
- Kontingent per medlem over 26 år: kr 190
- Kontingent for lokallag kr 1200
- Kontingent for lokallag med 0-4 medlemmer kr 2200
- Kontingent for huslag kr 3500
- Direktemedlemsskap, medlemmer under 26 år kr 150
- Direktemedlemsskap, medlemmer over 26 år kr 300

Dagens kontingentordring har vore slik i lengre tid, og det vil derfor vere naturleg at ein snart gjere ei ny vurdering av dagens modell og satsar. Spørsmålet om medlemspengar skal i størst mogleg grad vere enkelt å handsame for både einskildmedlemmen, laga og administrasjonen, følge lover og reglar, legge til rette for rekruttering av nye medlemmer og nye lag i tillegg til å opplevast som ein rettferdig fordeling. Dette krev ei heilskapleg tenking om kontingentsystemet, styret vil derfor be landsmøtet om tilslutnad til å sette ned ein nemnd som skal sjå på ulike modellar i den neste toårsperioden. Tema for nemnda sitt arbeid vil mellom anna vere:

- Regelverket rundt personvern (GDPR):
Dei statlege organa har alltid sett krav til dokumentasjon av medlemmar, og at dei faktisk er medlem. Det nye regelverket rundt personvern gjer no at den enkelte organisasjon får eit endå større ansvar for at ein sikrar informasjonen til det enkelte medlem, og at denne er riktig. Både fordelingsutvalet og dei nye personvernreglane set krav til at det enkelte medlem skal ha stadfesta sitt medlemskap i medlemsåret. Denne regelen gjeld alle frå fylte 15 år. Dette er noko vi ikkje klarer godt nok med dagens medlemssystem og kontingent-modell.
- Rapportering: Vi må sjå på om dagens modell sikrar den rapporteringa vi som organisasjon treng for vår eigen del, og for å svare på dei spørsmåla myndigheiter og samarbeidspartnarar treng i deira arbeid. I mange samanhengar treng vi å bruke medlemsstatistikk, men denne statistikken er i dag ikkje så god som den burde vere. Det er for dårleg registrering av medlemmar i våre system, noko som kanskje kunne blitt betre med sentral innkrevjing og nye medlemssystem.
- Kanskje burde organisasjonen sett på kontingentordningar der dei laga som er flinke til å rekruttere fekk ei påskjøning. Dette kunne til dømes vere i form av lågare kontingent per medlem eller andre påskjøningar. Kanskje det kunne vere med på å auke rekrutteringa i organisasjonen?
- Ny teknologi: Nye medlemssystem gjer at det er enklare å leggje opp til sentral innkrevjing, noko som vil lette arbeidet til det enkelte lag, og det vil vere med på å gi betre oversikt til Noregs Ungdomslag i arbeidet med Frifond og driftsstøtte frå Fordelingsutvalet. Det vil også gjere at ein sikrar at ein har den informasjonen ein treng om det enkelte medlem.

- Organisasjonen bør også vurdere om ein skal sjå på lik kontingent for fylkeslaga, for å gjere dette tydlegare for medlemmar og medlemslag, og for å kunne styrke rolla til fylkeslaga. I dag er det stor forskjell på kva eit fylkeslag krev inn av kontingent.

Framlegg til vedtak:

Kontingentsatsane i Noregs Ungdomslag blir vidareført for perioden 2020-2021. Landsmøtet ber styret sette ned ei nemnd som skal gjere ei grundig vurdering av kontingentmodellar og satsar. Nemnda sitt arbeid og førebelse konklusjonar skal vere tema på landsrådsmøta i 2019 og 2020. Nemnda presenterer sitt framlegg på landsmøtet i 2021.



Sak 5 Lovendring: Endring i §4 Landsmøte

Bygdelagssamskipnaden (BLS) har kome med framlegg om endring av paragrafen i lova til Noregs Ungdomslag, som gjeld §4 Landsmøte.

Noverande tekst i §4, 2 c: *“Styret i Noregs Ungdomslag avgjer kva saker det vil ta med på den endelege saklista. Saker som er melde i rett tid, men som styret ikkje fører opp på saklista, kan etter særskilt vedtak på landsmøtet likevel takast opp”.*

BLS sitt framlegg til ny tekst §4, 2 c: *“Alle saker som er melde i rett tid vert sette på saklista. Saker som er melde i rett tid, men som styret ynskjer at møtet ikkje skal ta opp, kan etter særskilt vedtak på landsmøtet takast ut av saklista”.*

Grunngjevinga frå forslagsstillar:

Hovudregel er at alle saker skal setjast på saklista. Styret må grunngje om saker som er melde til rett tid, ikkje skal behandlast på møtet. Denne endringa gjer at NU-lova er meir i tråd med mønsterlova som gjeld for fylkes- og lokallag.

Styret si vurdering:

Framlegget frå BLS fører til at alle saker som er innmeld av laga skal stå på saklista til landsmøtet uavhengig av relevans og saksførebuing. Konsekvensen av ei slik lovendring er at det kan bli saker å handsame på landsmøtet som ikkje er relevante å ta opp, allereie er gjennomført, bryt med andre prinsipp og saker som det først burde vere kjørt prosessar på i organisasjonen.

Styret er samde i at det er god demokratisk praksis at alle innkomne framlegg blir lagt fram for landsmøtet. Vi ønsker likevel at det i saker der det t.d. allereie er fatta vedtak eller sett i gang arbeid, eller der ein ønskjer meir kunnskap, er tilstrekkeleg at saka blir referert frå talarstolen med grunngjeving for kvifor den ikkje kjem på saklista. Den som har fremma saka kan da be om at han likevel blir teke opp.

I styret sin vurdering legg vi til grunn at det å avvise saker ikkje er hovudregelen, og at i dei høva ein vel ein anna saksgang skal det være godt grunngjeve.

Styret i NU kjem difor med eit anna alternativ til endring av lova. Framlegget frå styret er tenkt å ta vare på intensjonen frå BLS sitt framlegg, samstundes som ein sikrar god saksførebuing i alle saker. Styret sitt framlegg er: Styret i Noregs Ungdomslag avgjer kva saker som skal med på den endelege saklista. Alle saker som er melde i rett tid skal refererast frå talarstolen, med grunngjeving for styret si handsaming av saka. Saker som ikkje er sett på saklista kan etter særskilt vedtak på landsmøtet likevel takast opp.

Framlegg til vedtak:

§4, 2 c: «Styret i Noregs Ungdomslag avgjer kva saker som skal med på den endelege saklista. Alle saker som er melde i rett tid skal refererast frå talarstolen, med grunngjeving for styrets si handsaming av saka. Saker som ikkje er sett på saklista kan etter særskilt vedtak på landsmøtet likevel takast opp.»



Sak 6 Fråsegner

Ei fråsegn kan ha ulike funksjonar i ein organisasjon. Det kan til dømes ha form som ei pressemelding eller ein politisk uttale i ei sak, som blir sendt til ulike instansar. Ei fråsegn kan også ha funksjon som politikkkutforming, for å utforme eller stadfeste politikk i ulike saker. Ei fråsegn kan vere retta både eksternt ut av organisasjonen, eller internt i organisasjonen, for å gje styret ei politisk plattform i ulike saker.

Styret i Noregs Ungdomslag legg fram to fråsegner for landsmøtet, og inviterer i tillegg utsendingane til å fremje forslag til fråsegner som landsmøtet skal ta stilling til. Nærare fristar for å levere fråsegner blir regulert av forretningsorden for møtet.

Styret sine forslag til fråsegner har følgjande tema:

- 1 Eigedomsskatt på ungdomshus er sjofelt!
- 2 Norsk språk i ei smart framtid

Det er redaksjonskomiteen som innstiller på vedtak av dei ulike fråsegnene.

Fråsegn 1 Eigedomsskatt på ungdomshus er sjofelt!

Eigedomsskatt er noko som engasjerer mange, og ein kan meinte så mangt om saka. Men når det kjem til organisasjonseigde kulturhus som ungdomshus og grendehus burde saka vere enkel. Ein legg ikkje skatt på dugnad og frivillig innsats!

Lovverket seier i dag at kommunar kan velje å fritta organisasjonseigde hus frå eigedomsskatt om dei måtte ønskje det, med heimel i §7 i eigedomsskattelova. Langt på veg alle kommunar vel å gjere dette, og det skal dei ha ros for, men det burde i utgangspunktet ikkje vere ei skjønnsvurdering. Det er òg stor skilnad i korleis fritaket vert praktisert.

I mange kommunar er det gjort prinsippvedtak om å fritta ungdomshusa o.l. for eigedomsskatt, noko som per i dag er det beste ein kan gjere. I andre kommunar gjer ein vedtak om fritak for eitt år om gongen. Somme stader er det ei fast liste over eigedomar som vert vedteke så ein slepp å søke, men somme stader må laga søke kvart einaste år.

Hadde kommunen eller staten teke over ansvaret for alle dei frivillig eigde kulturhusa rundt om i landet hadde dei automatisk vorte fritakne utan noko byråkratiske vedtak å sno seg rundt. Kvifor skal dei frivillige verte handsama annleis?

Det skal vere enkelt å drive dugnad og frivillig arbeid i Noreg. Difor krev Noregs Ungdomslag at organisasjonseigde kulturhus med ålmennyttige føremål skal fritakast for eigedomsskatt på generelt grunnlag på lik linje med tilsvarande hus eigd av stat og kommune.

Fråsegn 2 Norsk språk i ei smart framtid

Teknologien kring oss er i stadig endring, og digitaliseringa får fotfeste på stadig fleire samfunnsområde. Det meste av ny teknologi blir først laga på engelsk, før det vert omsett til andre språk. Nordmenn er i verdstoppen med å ta i bruk ny teknologi, og allereie før dei var tilgjengelege på norsk var smarthøgtalarar som Amazons Alexa og Google Home tekne i bruk av omlag 120 000 nordmenn. Om norsk språk skal ha sjans til å vere med på utviklinga trengs det gode norske språkressursar.

Me kan ikkje vente at store utanlandske selskap skal ta på seg ansvaret med å legge til rette for at det norske språkmangfaldet skal inn i teknologien deira. Det må Noreg gjere sjølv. Google sjølv har sagt at det ikkje er tal brukarar av eit språk som er avgjerande om dei legg det inn i sine system, men kor store og gode språkdata som er tilgjengelege.

Det skal vere naturleg å kunne bruke sin eigen dialekt, uansett kor ein kjem frå, når ein skal samtale med Siri, Alexa eller Google Home. Det skal vere like naturleg å møte nynorsk som bokmål i våre favoritt-appar. Me i Noregs Ungdomslag meiner at framtidens smartdingsar skal, og må, forstå heile det norsk språket, både i skrift og tale.

Noregs Ungdomslag støtter Språkrådets framtidsutval, og ønskjer

- ei fornya satsing på språkdata som speglar norsk talemål og skriftspråk
- at ein særskild instans får ansvar for å koordinere og drive fram arbeidet med å samle inn ressursar til norske språkteknologiske produkt, basert på eit kontinuerlig strategi- og kartleggingsarbeid
- at krav til språkleg tilgang og kvalitet blir tatt inn i regelverket for offentlege innkjøp

Kjelder:

<https://sprakinorge.no/kapitler/ein-sprakteknologisk-kvardag/>



Sak 7 Val

Valnemnda kjem med framlegg på val av medlemmar og varamedlemmar til styret i Noregs Ungdomslag, samt til revisor. Styret innstiller på val av ny valnemnd. Valnemnda som vart valt på landsmøtet i 2018, og som har i oppgåve å levere innstilling til landsmøtet, har vore samansett slik:

Cecilie Rørstad, Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag (leiar)

Håvard Ims, Hordaland Ungdomslag

Borghild Opdal, Hordaland Ungdomslag

Fredric Nygård, Eidsiva Fylkeslag

Geir Såtvedt, Telemark Ungdomslag

Helge Venås Flægstad, Sør-Trøndelag Ungdomslag (1. vara)

Rita Sirirud Vatnehol, Oppland Ungdomslag(2. vara, fekk fritak frå å med 17. november)

Jostein Apeland, Rogaland Ungdomslag (3. vara)

Valnemnda har hatt eit fysisk møte i samband med valnemndsarbeidet. Dette møtet vart halde i Oslo i oktober, i samband med landsrådsmøtet. Valnemnda arbeidde vidare på e-post og telefon etter dette.

Sak 7.1 Val av leiar

Torbjørn Bergwitz Lauen (1990) Bygdelagssamskipnaden Ny, 1 år

Sak 7.2 Val av styre og arbeidsutval (AU)

Marit N. Krogsæter (1992)	Sunnmøre frilynde USL	Ikkje på val	Politisk nestleiar/AU-medlem
Terje Svindseth (1969)	Bygdelagssamskipnaden	Attval, 2 år	Org. nestleiar/AU-medlem
Anette Figenschou (1983)	Nordland Ungdomsfylking	Suppl. 1 år	Styremedlem
Kevin A. Theigmann (1994)	Sør-Trøndelag Ungdomslag	Ikkje på val	Styremedlem
Tone Mjelde (1990)	Hordaland Ungdomslag	Attval, 2 år	Styremedlem
Nina Byttingsmyr (1993)	Aust-Agder Ungdomslag	Ny, 2 år	Styremedlem
Mona Husby (1995)	Inn-Trøndelag USL	Ny, 1 år	1. vara til styret
Tone Ingvaldsen (1994)	Bygdelagssamskipnaden	Ny, 1 år	2. vara til styret
Geir Såtvedt (1997)	Telemark Ungdomslag	Ny, 1 år	3. vara til styret

Sak 9.3 Val av revisor

Forslag til vedtak:

Revisorgruppen Oslo AS blir valt som revisor for Noregs Ungdomslag for rekneskapsåret 2019.

Sak 9.4 Val av valnemnd

Styret i Noregs Ungdomslag vil innstille på følgjande valnemnd:

Cecilie Rørstad	Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag	Attval, 1 år	Leiar
Håvard Ims	Rogaland Ungdomslag	Ikkje på val	Medlem
Oddgeir Løvold	Nordmøre og Romsdal Ungdomslag	Ikkje på val	Medlem
Borghild Opdal	Hordaland Ungdomslag	Attval, 2 år	Medlem
Geir Såtvedt	Telemark Ungdomslag	Ny, 2 år	Medlem
Helge Venås Flægstad	Sør-Trøndelag Ungdomslag	Ny, 1 år	1. vara
Rita Strandbakke	Oppland Ungdomslag	Attval, 1 år	2. vara
Jostein Apeland	Rogaland Ungdomslag	Attval, 1 år	3. vara

